



Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune! Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og opne hav til høge fjellområde og lokale toppar. Vi har verdas beste korps og eit rikt kulturliv."

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag.

Ruskoordinator - 90% vikariat

Stillingsinformasjon

Frå 01.01.2020 er det ledig 90 % vikariat i eitt år som ruskoordinator ved avdeling psykisk helse og rus.

Stillinga er organisert under tenesteområde for Psykisk helse og rus, avdeling for heimebuande, driftskontor-Frekhaug

Vi søker etter deg som trivst i eit aktivt miljø og likar faglege utfordringar. Arbeidet omfattar direkte oppfølging og tenesteyting til personar med rus- og/ eller psykiske vanskar som har trong for koordinert tenesteyting innan miljøterapi, LAR og tenester som omtalt i St.mld. 30 (2011/2012).

Vi ønskjer å styrke og tenkje nyskapande i høve til tenestetilbodet til denne gruppa, med mål om at tenesta skal leggje til rette for god helse, meistring og ei verdig livssituasjon for brukarane våre

Kvalifikasjonskrav

- Tre årig helsefagleg høgskule, gjerne med relevant vidareutdanning.
- Det vert lagt vekt på erfaring, personlege eigenskapar og evne til samarbeid. Praksis innan psykisk helseteneste og rus vil bli vektlagt.
- Vedkommande må ha god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Førarkort kl B og disponera bil.

Det må påreknast arbeid på ettermiddag/kveld 1-2 dagar pr veke. På sikt kan ein vurdere utviding til helg.

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 13.10.2019

Utlyst dato 24.09.2019

Vårref

197/19

Kontaktperson

Petter Lingjerde, Fagleiar psykiske helsetenester, tlf: 56171000, mobil: 99497605, petter.lingjerde@meland.kommune.no